

# M



«VIL LIVSSTILSENDRING  
HA EIN SAMANHENG  
MED Å VERE I ARBEID?»

Høgskulen i Volda har saman med Muritunet sett i gong ein prospektiv kohort studie der ein ønskjer å forbetre kvaliteten og auke kunnskapsfeltet innanfor arbeidsretta rehabilitering i spesialisthelsetenesta for personar med ein kroppsmasseindeks over 30.

## LIVSARR - Phd.

Formålet med studien er å sjå på samanhengen mellom livsstilsendring og arbeidsdeltaking, og kva relasjon det er mellom livsstilsfaktorane som påverkar arbeidsdeltakinga:

- o kosthald
- o livskvalitet
- o fysisk aktivitet

Overordna problemstilling i studien er:

***Kva samanheng er det mellom livsstilsendring og det å vere i arbeid etter deltaking i arbeidsretta rehabiliteringstilbod ved Muritunet?***

Deltakarane i studien er personar som tek del i Muritunet sitt tilbod om arbeidsretta rehabilitering, døgnopphald, med kroppsmasseindeks over 30 og som står i fare for eller har falt ut av arbeidslivet grunna fedmerelaterte problemstillingar.

Deltakarane blir følgt opp over eitt år med datainnsamling ved ankomst Muritunet og etter 6 og 12 månadar.

Vidare vil deltakarane bli spurt om å delta i fokusgruppeintervju etter avslutta rehabiliteringsforløp ved Muritunet.

Studien er ein del av eit Ph. d. forløp (2017-2021) der prosjekt-leiar og stipendiat Anita Dyb Linge er tilsett ved Høgskulen i Volda. Stipendiaten er finansiert via Høgskulen i Volda og Muritunet.

Deltaking i studien er frivillig og deltakarane signerar samtykke på deltaking i studien.

Studien er godkjent av Regional Etisk komité. (REK), nr. 2017/573/ REK Midt sine retningslinjer og lover for god medisinsk og helsefaglig forskningsetikk og dei lovene som gjeld for spesialisthelsetenesta.